



**Notat**

Dato: 05.12.2017  
FArkivsak: 2017/4411-14  
Saksbehandlar: nilvetl

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Statsbudsjettet 2018 - budsjettavtalen i Stortinget**

Regeringspartia Høgre og Framstegspartiet har forhandla fram avtale om statsbudsjettet for 2018 med Venstre og Kristeleg Folkeparti.

#### **Taldele**

Det er lite i budsjettavtalen som har direkte påverknad på Hordaland fylkeskommune sitt budsjett. Unnataka er følgjande:

Hordaland teater – auke 1 mill. kr

Belønningsmidlar – auke 100 mill. kr

Tiltak for gåande/syklande – auke 70 mill. kr

TT-ordning for brukarar med særskilt behov – auke 24,8 mill. kr

Tilleggsløyvingane på samferdselskapitlet er såpass generelle at fylkesrådmannen ikkje har oversyn over kva utslag det vil få for Hordaland fylkeskommune, men reknar med at ein del av løyvingane vert fordelte på bakgrunn av søknader. Hordaland har m.a. fleire gonger tidlegare søkt om midlar innanfor TT-ordninga utan å nå opp.

I budsjettavtalen er elles tapskompensasjon til fylkeskommunar auka med 40 mill. kr. Dette gjeld fylkeskommunar som hadde særskilt store tap ved endringa av inntektssystemet frå 2015.

Det er vidare sett av ein mindre kompensasjonssum – 1,3 mill. kr til fylkeskommunane samla – som følgje av at budsjettavtalen legg opp til auke i CO2 avgifta.

### **Verbalforslag**

Innanfor verbalforslaga vil fylkesrådmannen trekkja fram følgjande:

«Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for justeringer i dagens ferjeavløsningsordning for fylkeskommunale ferjer og komme tilbake med en redegjørelse ifb. RNB 2018»

«Stortinget ber regjeringen vurdere en ordning med kompetansetilskudd for å stimulere til ansettelse av flere skolebibliotekarer, etter modell fra Sverige»

Fylkesrådmannen har elles merka seg følgjande verbapunkt:

«Stortinget ber regjeringen vurdere om og hvordan det offentlige virkemidleapparat kan bidra til realisering av en utslippsfri båtrute i Oslofjorden i samarbeid med berørte fylkeskommuner og melde tilbake til Stortinget senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2018.»